

I denne nyhetsmailen:

- Påminning om **teamsmøte om rapport vedr. voksenagronom og voksengartner som utdanningstilbud 3.4.2024 kl 15.00**
- Dette har NatFor jobba med i 2023! Årsmelding 2023
- Påminning om internasjonal nettverkssamling: Jobbar du med å skaffe elevane og kollegane dine mulighet for internasjonal praksis, jobbskygging, kurs og nettverk? **Du er velkommen til Bergen 13.-16.mai 2024!** Da arrangerer Naturbruksskolenes forening nettverkssamling for 80 naturbrukslærarar og skuleleiarar frå 20-25 europeiske land i Bergen. Og du er også invitert! Program og påmelding finn du lengre ned i nyhetsmailen. **Dersom du treng hotellrom, er påmeldingsfristen 1.4.2024.**
- Ønsker du å få nyhetsmail frå NatFor direkte til egen mailboks? Meld deg på her: <https://forms.office.com/e/pc6LJuMaBv>

Nyhetsbrevet er til alle lærere og ledere på naturbruksavdelinga på skolen din ☺ Takk for at du videresender!

Lurer du på hvordan det egentlig har gått med voksenagronom og voksengartnerutdanninga?

Velkommen til teamsmøte **3.4.2024 kl 15.00**

I møtet får du presentasjon av Sintefs rapport: Evaluering av voksenagronomen, 2018-2024.

Sintef har slutført en evaluering av voksenagronomen etter intervju av tilbyderskoler og spørreundersøkelse av elever.

Resultatene presenteres av Sintef v Roald Sand.

Etterpå blir det tid til spørsmål og erfaringsutveksling.

Du kommer inn på møtet ved å klikke deg inn på denne lenka:

Microsoft Teams meeting

Join on your computer, mobile app or room device

[Click here to join the meeting](#)

Meeting ID: 379 404 771 552

Passcode: RH8JdM

Årsmelding for Naturbruksskolenes forening 2023

Styret 2023:

Leiar: Anne Johanne Hatlinghus, Mære landbruksskole

Styremedlemmer:

Stein-Erik Svendsen, Senja videregående skole
Espen Hagen, Lena-Valle videregående skole
Ane Cecilie Munkeby, frå mars 2023
Camilla Skappel Vidnes, Strand vidaregåande skule til mars 2023
Kariann Myklebust Fagerli, Måløy vidaregåande skule frå mars 2023

Vara til styret (møter på lik line med dei andre styremedlemmene):

Eva Britt Birkenes, Tana vidaregåande skole frå mars 2023

Revisor: Vestland Fylkeskommune

Valkomit :

Kjell Øystein Håkonsen, Øksnevad vidaregåande skule
Torbjørn Litlere, Stend vidaregåande skule

Styret og dagleg leiar sitt arbeid:

Styret og dagleg leiar er opptatt av å arbeide i tråd med foreninga sitt formål (henta frå vedtektene):

- *Naturbruksskolenes forening (NF) sitt formål er, via samarbeid, å styrke skolenes utdanningstilbud og identitet, samt å fremme utvikling og kontaktnett i Norge og internasjonalt*

Dette skal foreningen få til ved å:

- *samordne og iverksette felles markedsføring*
- *samordne og formidle internasjonale kontakter*
- *fremme videreutdanning, utvikle læremidler og læremetoder*
- *sikre årlige samlinger/årsmøte for alle vidaregåande skoler med naturbruk*
- *representere naturbruksutdanningen overfor myndigheter, næringer, høyskoler og universitet.*

Styret har hatt 6 styremøte; eitt fysisk for dei som hadde høve til å møte, resten digitale. Styret er øverste myndighet i foreninga; både for aktivitet i Norge og Erasmus+ konsortiet.

Foreningen har ein tilsett dagleg leiar (i deltidsstilling). Ho førebur saker til styret og står for dagleg drift; etablere effektive og oversiktlige strukturar for dokumentasjon av Erasmus+ aktivitetane, jobbar vidare med å effektivisere kommunikasjon og drift av NatFor sin innanlandsaktivitet, arrangerer fagmøte, skriv nyhetsmail,

oppdaterer Facebook, samarbeider med skulane og eksterne, skriv søknader om finansiering, svarar på henvendelsar og står for dagleg drift av konsortiet etc. Aktivitetsnivået stig år for år, og særleg har konsortiet fått meir stipend frå Erasmus+. Dette genererer nå behov for kontorhjelp. (Føreslått i budsjett 2024).

Desse sakene har prega styret sitt arbeid i 2023:

- Kva aktivitetar skal vi prioritere i NatFor?
- Både styret og dagleg leiar er generelt opptatt av å bidra til godt samarbeid mellom alle aktørar innan naturbruksutdanning i Norge og Europa. Vi innser at naturbruk er eit lite utdanningsprogram, og trur at vi når lengre ved å jobbe saman for å auke rekruttering, betre kvaliteten og utvikle utdanninga. Vi ønsker særleg å trekke fram samarbeidet med Digitaliseringsprosjektet som viktig.
- Organisering av landbruksopplæringa; 2+2 eller 3 år i skole? Her er det delte meiningar og erfaringar mellom skolane. NatFor ønsker å legge til rette for meningsutveksling.
- Innspel til tema for fysiske møte. Budsjett og eventuell økonomisk støtte til møta
- Korleis vi kan bruke Teams mest mogleg effektivt?
- Kommunikasjon: Korleis legge til rette for best mogleg kommunikasjon og informasjonsflyt mellom foreninga og skulane/lærarane? Korleis kan vi sørge for at nyhetsmailane når fram til alle interesserte på skulane og hos eksterne organisasjonar?
- Kor høgt vil vi prioritere arbeid med sosiale media/heimesida?
- Årsmelding og prioriteringar for komande år.
- Rekneskap, budsjett. Vi har opplevd det som ei utfordring at rekneskapen i fylkeskommunen er lite tilpassa vårt behov for oversikt, og jobbar med å finne løysingar.
- Samarbeid med NMBU og næringsorganisasjonane, NDLA og forlag. Vi opplever at kontakten med NMBU, Utdanningsdirektoratet og Norges Bondelag er god. Kan vi knytte tettare kontakt med Faglig Råd for Naturbruk og med skuleeigarane?
- Samarbeid mellom «blå» og «grøn» naturbruksdanning. Invitasjon til samarbeid med Fosfor. Dette ønsker vi å jobbe vidare med, dersom Fosfor ønsker samarbeid med oss.
- Erasmus+ aktivitetar, administrative rutinar og god nok dokumentasjon av aktivitetane i Erasmus+ for skulane i Naturbruksskolenes konsortium. Styret i NatFor er øverste ansvarleg for konsortiet, og drift av konsortiet, mulighetar og forpliktelsar er oftast sak på styremøta.
- Korleis kan vi jobbe sammen for å støtte skulane og lærarane i arbeidet med rekruttering av elevar og best mulig opplæring?

Medlemmer

40 skular betalte medlemskap i NatFor i 2023, - det same som i 2022. Styret og dagleg leiar ønsker å legge opp til at mange av våre arrangement er opne for alle, medlemmer eller ei, men er sjølvsagt ekstra takksam for alle som betaler medlemskontingenten og dermed bidreg til økonomisk grunnlag for aktivitetane vi driv. Og: Nye medlemmer er hjarteleg velkommen i Naturbruksskolenes Forening!

Representasjon i andre råd og utvalg

NatFor har ein representant i Fagråd for grønne fag. Tone Mosebø sit i styret for EUROPEA International. Ho har også representert Naturbruksskolenes forening i (så langt uformelle) møte med NMBU og i Referansegruppe for Landbrukets Økoløft.

«NatFor skalrepresentere naturbruksutdanningen overfor myndigheter, næringer, høyskoler og universitet»

NatFor har dette året samarbeidd med NMBU om nettverkssamling, etterutdanning og felles fagmøte/fagdidaktiske møte, med Fosfor, NIBIO, kompetansenavet på Mære og med Digitaliseringsposjektet for voksenagronom/voksengartner. Det siste har vore svært viktig for at vi får utvikla læremiddel for vg2 i NDLA, og for mange av fagmøta vi arrangerer saman. Vi har også deltatt på møte i regi av Landbruks- og matdepartementet om rekruttering. NatFor trur på at vi alle når lengre gjennom å samarbeide med kvarandre, og er opne for meir samarbeid.

«NatFor skal.....fremme utvikling og kontaktnett i Norge»

Vi ser på dette som ei kjerneoppgåve og ønsker å gi alle lærarar tilbod om relevante fagmøte kvart år. Teamsmøta er godt besøkt, med 15-50 deltakarar/møte. Møtelista finn de på dei neste sidene. Vi er opptatte av å knytte tettare band og etablere nettverk for både «blå» og «grønne» skular og lærarar og vi er opptatte av samarbeid med alle som jobbar med å styrke og utvikle naturbruksutdanning heilt generelt. Dette fordi vi trur at vi har mykje å lære av kvarandre og trur at alle kjem lengre og leverer betre kvalitet om vi samarbeider og gjer kvarandre gode.

«NatFor skal.....samordne og iverksette felles markedsføring»

Foreninga har ei heimeside med lenke til skulane og vi driv ei Facebook-side der vi deler informasjon frå skulane og relevante innlegg frå samarbeidspartnarar. Vi legg ut så mange innlegg som vi greier å finne tid til på Facebook, men har eit potensiale i å jobbe meir med heimesida vår.

Nyhetsmailane vart sendt ut 15 gonger i 2023 og er hovud- informasjonskanalen vår. Vi strevar med å halde adresselista ajour, og leitar etter system der de sjølve kan halde mailadressa ved like, og sjølv melde dykk inn og ut. I mellomtida oppfordrar vi alle til å registrere seg her for å få nyhetsmailen tilsendt direkte til eigen postboks: <https://forms.office.com/e/pc6LJuMaBv>

«NatFor skalsamordne og formidle internasjonale kontakter»

Erasmus+ programmet for 2021-2027 gir svært gode muligheter for internasjonale aktivitetar. NatFor er akkreditert konsortiums-koordinator i Erasmus+. Dvs vi har fått ein kvalitetsstempel og kan søke Erasmus+ middel på vegne av medlemsskulane og foreninga for å tilby lærarar studieturar, jobbskygging, kurs etc, elevar å delta i internasjonal yrkeskonkurrans, og hjelpe skular i gang med internasjonalt arbeid. Konsortiet vårt har auka frå 19 til 28 skular.

Vi har avslutta første prosjektperiode hausten 2023. I denne perioden fekk 111 personar (flest elevar) stipend for å reise utanlands på praksis, elevkonkurransar, jobbskygging eller kurs. Vi arrangerte også felles jobbskygging i Europa for fleire fag/kollegagrupper, noko som bygger nettverk oss i mellom i Norge samtidig som vi bygger nettverk mot europeiske skular og kollegar. Vi har så langt fått full uttelling på alle søknadene våre til internasjonale aktivitetar (2-2,4-3 millionar kr/pr år) og søker nye middel kvart år på grunnlag av det skulane spelar inn til oss. Søknaden for 2024 vart langt større enn dei føregåande åra, så i år er vi ekstra spente på tildelinga!

Bruken av midla må sjølvsagt dokumenterast nøye. Ein del av tildelingane våre er «organisational support» meint til drift av konsortiet. Omfanget er avhengig av kor mykje og kva type aktivitetar vi gjennomfører, og vi får ein god pekepinn når aktivitetane blir lagt inn i Beneficiary Module, men kan ikkje vite heilt kor mykje vi får før kvart delprosjekt er sluttgodkjent frå HKDIR. Dette er i ferd med å skje for prosjektet som starta i 2021, og vi skal levere inn rapport for 2022-prosjektet våren 2024.

I konsortiet legg vi vekt å hjelpe kvarandre med internasjonale aktivitetar og å bygge nettverk både i Norge og med utlandet. Vi har Teams-samlingar ca kvar 2. månad og vi tek sikte å samlast fysisk 1 gong/år. Det er heilt opp til kvar skule kor mykje ein vil bruke konsortiet, og det kostar ingen ting å vera med der når ein først er NatFor-medlem

NatFor utgjer den norske avdelinga av nettverket EUROPEA International (Fleire hundre skular i 25 land) og dagleg leiar er pt styremedlem i EUROPEA International. Nettverket gir ma tilgang til mange skular og samarbeidspartarar i Europa. Våren 2024 skal NatFor arrangere halvtårs samling i EUROPEA

«NatFor skalfremme vidareutdanning, utvikle læremidler og læremetoder»

Det viktigaste i så måte, er å legge til rette for at vi kan lære av kvarandre og inspirere kvarandre. Dette skjer gjennom å møtast i faggrupper og etter kvart bygge tette, utfordrande og støttande fagnettverk. I tillegg er det sjølvsagt viktig å trekke inn ekspertar som kan gi ny kunnskap. NatFor samarbeider med NMBU, NDLA, Fagbokforlaget, NIBIO. Vi er åpne for andre samarbeidspartnarar innan feltet dersom det er ønskeleg.

«NatFor skalsikre årlige samlinger/årsmøte for alle videregående skoler med naturbruk»

NatFor fortset med nye møte i 2024 og vi vil gjerne lage både Teamsmøte og minst ei større fysisk samling/år. I 2023 fekk vi økonomisk støtte frå Digitaliseringsprosjektet for voksen agronom/-gartner. (Det kan kanskje vera ein mulighet for det same i 2024....). Dei fysiske møta er krevande tidsmessig, og det er dyrt å reise for dei fleste skulane, men det er likevel nyttig å møtast fysisk av og til. Erasmus+ har også gjort det mulig å samlast til kurs eller jobbskygging i utlandet der reise og opphald blir dekt av stipend.

(Alle bilder i årsmeldinga v. Tone o Mosebø)

2023 har vore eit aktivt år. Her kjem oversikt over aktivitetane våre:

Januar

11.1. Arrangert **fagmøte om dyrevelferd**, med innlegg frå seniorrådgjevar i Norges Bondelag og veterinær Anja Fyksen Lillehaug. Tusen takk for spennande foredrag!

12.1. **Styremøte** i NatFor

17.1. Lærerutdanninga ved **NMBU** inviterte til **webinar om psykisk helse blant ungdom**

19.1. Arrangert **fagmøte** for landbrukslærarar saman med Digitaliseringsprosjektet for Voksenagronom og voksengartner. Tema: **kulturlandskap, utmarksforvaltning og skogbruk**

20.1. Arrangert **møte mellom skulane i Erasmus+ konsortiet**

26.1. Årets første **nyhetsmail**



Februar


1.2. Arrangert **fagmøte med erfaringsdeling frå undervisning i naturforvaltningsfaget** og refleksjon om kva naturforvaltningslærarane ønsker seg av aktivitet i regi av NatFor.

1.2. Deltatt på teamsmøte for nasjonale koordinatarar i **Europea**

6.2. **Nyhetsmail**

7.2. Arrangert teamsmøte i **naturforvaltning**, med tema **eksamenserfaringar og -tips**

7.-8.2. Dagleg leiar Tone deltok på **Landbrukets økologikongress**



9.2. Arrangert **møte mellom skulane i Erasmus+ konsortiet**

13.2. Arrangert teamsmøte om **undervisning innan maskiner og teknologi i landbruket saman med Digitaliseringsprosjektet**

14.2. Arrangert webinar om **marknadshage og småskala grønnsaksproduksjon**. Samarbeid med prosjektet Markedshager i Norge


16.2. **Styremøte** i NatFor

20.2. **Søknadsfrist Erasmus+ middel** til elevutplassering, elevkonkurransar, jobbskygging og kurs for tilsette, og mulighet for å hente inn faglege ekspertar frå utlandet. Vi søkte om ca 3 mill NOK til 26 skular.

23.2. **Nyhetsmail**

27.2. Arrangert **førebuande møte for deltakarar på jobbskygging Island**

27.2. Arrangert **førebuande møte for deltakarar på jobbskygging i friluftsliv til Sverige**



27.2.-2.3. Arrangert reise for 4 elevar frå Tomb vgs og Stend vgs + lærar frå Stend til **SIA i Paris for å delta i konkurransar i eksteriørbedømming av storfe**, og for å bli kjent med denne store landbruksutstillinga og med ungdomar frå over 20 europeiske land. Det franske landbruksdepartementet inviterte og organiserte, og Erasmus+ gav oss stipend til reisa.

Mars

8.3. Arrangert **fagmøte om bruk av klimakalkulator og dataflyt i landbruket** saman med Landbrukets Klimaselskap og Landbrukets dataflyt

9.3. **Styremøte** i NatFor

14.3. **Nyhetsmail**



13.-17.3. Deltatt på **EUROPEA-samling i Piteå**. Fire naturbrukskollegar frå Hvam, Stend, Stabekk og Øksnevad vgs pluss nasjonal koordinator i EUROPEA Tone Mosebø deltok, med støtte frå Erasmus+. Tema: Det grønne skiftet og korleis naturbruksutdanninga i Europa kan møte endra behov for kompetanse, skulebesøk på Grans naturbruksgymnasium og mulighet for å bli kjent med nye samarbeidsskular innan naturbruk.

20.3. **Styremøte** i NatFor

20.3. Arrangerte vi, saman med prosjekt Markedshage i Norge, webinar nr 2. Denne gongen var tema **praktisk drift av marknadshage**

21.3. Arrangerte Digitaliseringsprosjektet og vi i NatFor **teamsmøte for landbrukslærarar innan faga økonomi, driftsleiing og gardsdrift**. Tusen takk til kollegane som delte erfaringar og idear med oss andre.



20.-25.3. Arrangerte konsortiet **jobbskygging på Island sitt «hestefaglege universitet» Holar** og stallar dei samarbeider med, med 8 deltakarar frå 7 ulike skular; Mosjøen, Storsteigen, Jønsberg, Natur, Gjermundnes, Tomb og Øksnevad. Erasmus+ gav mulighet for ei stor oppleving og lærerike dagar for dyktige og fagleg fokuserte hestefaglærarar.



27.-29.3. Arrangerte NatFor **jobbskygging** for kollegar frå Kjelle, Stend, Storsteigen, Tomb, Mosjøen og Kongsberg vgs **ved Äventyrsgymnasiet i Älvdalen i Sverige**. Formålet var å lære av våre svenske kollegar sin måte å jobbe med naturbasert reiseliv, utmarksforvaltning og friluftsliv på, og få informasjon og inspirasjon til å jobbe fram ein (på sikt) norsk, nasjonal læreplan innan fagfeltet. Erasmus+ pengar frå konsortiet vårt gjorde reisa mulig.

7.-28.3. Arrangerte vi **årsmøtesamling på Buskerud vgs, og Norges Bondelag si samling for skuleleiarar i Oslo.**

Tusen takk til vertsskapa våre, og til alle som deltok og gjorde dette til spennande og lærerike dagar

28.-31.3. Deltok Tone på **samling i regi av HKDIR i Øystese.** Tema var «Consortium: Challenges and opportunities», og i dette vart det fokusert på m.a. **praktisk administrasjon av Erasmus+ konsortium.** Deltakarane var konsortiekoordinatorar frå ca 20 europeiske land.

29.3. **Nyhetsmail**



April

18.4. Arrangerte vi **teamsmøte om tverrfagleg eksamen** for vg2 landbruk og gartner og vg3 landbruk. Deling av planer og erfaringar.

19.4. arrangerte vi **informasjonsmøte for interesserte skular om to nye elevkonkurransar:** Agro Challenge i Slovakia i august 2023 og International Youth Ploughing Contest i Estland i september 23.

20.4. Arrangerte vi **førebuande møte for deltakarar på jobbskygging i dyrefag til Sverige**

26.4. Arrangerte vi **teamsmøte for skulane i Erasmus+konsortiet,** der vi oppsummerte våren og informerte om mulighet for å ønske fleire nye stipend til skulane, lufta ideen om felles jobbskygging og konsortiesamling for kontaktpersonane frå alle skulane hausten 2023, og inviterte til innspel for nye «fellesmobilitetar» arrangert av NatFor

Mai



2.5. Arrangerte vi **teamsmøte for skulane i Erasmus+konsortiet**

3.-5.5. Arrangerte vi **jobbskygging innan smådyrfag/hund** på Munkagårdsgymnasiet i Sverige for 7 kollegar frå 4 ulike skular. Stipend frå Erasmus+, fagleg nysgjerrige kollegar frå Norge og velvillige kollegar ved Munkagårdsgymnasiet gjorde dette til lærerike dagar.



8.5. Arrangerte vi **førebuande møte med elevar og kollegar som skal delta på AgroChallenge** i Slovakia i august

22.5. Arrangerte vi **førebuande møte med elevar og kollegar som skal delta på AgroChallenge (gå gjennom øvelsane)**

24.5. **Styremøte i NatFor** (Referat frå årsmøtet, val av ny styreleiar, gjennomgang av økonomi, status for konsortiet sitt arbeid, planar for hausten.

På møtet vart det også bestemt at vi tek på oss å arrangere vårsamling i EUROPEA International i Norge våren 2024 (Sidan Belgia, som eigentleg stod for tur, ikkje kunne ta det på seg), og vi lufta muligheten for å få til ei nasjonal AgroChallenge, men konkluderte ikkje.)

Juni

Vi fekk svar på søknaden vår frå februar 2023 om **Erasmus+ middel til konsortiet vårt, og tildelinga for 2023 vart knapt 3 mill NOK**. Hurra!! Desse pengane vil koma 26 naturbruksskular i Norge til gode :)

2.6. Var Tone **observatør på EM i skogbruk på Kongsberg**. Denne elevkonkurransen var arrangert av eldsjeler ved ein av skulane våre, Kongsberg vgs. Gratulerer med fantastisk arrangment, Kongsberg! Her låg det mykje arbeid bak!

4.-6.6. Deltok Tone på **styremøte i EUROPEA International** og møte med spansk landbruksdepartement i Madrid for å bidra i planlegging av haustsamlinga for EUROPEA. Samlinga skal vera i Estremadura i oktober 2023 og ha tema vassmangel i jordbruksproduksjon. NatFor er ein del av Europea, og er velkomne til å sende deltakarar på halvtårs-samlingane.

Juni vart brukt til å gjera dei siste førebuingane for 4 elevar og 4 tilsette som skal reise på Agro Challenge i Slovakia i august, og til planlegging av felles jobbskygging for skulane i konsortiet til Irland i september. Tusen takk til Stefan frå Skjetlein og Janniche frå Hvam for alle bidrag i planlegging og bestillingar!

20.6. Nyhetsmail



Juli var feriemånad, med unntak av eit par planleggingsmøte med Kildalton College for jobbskygginga vi arrangerer i september og tilsvarande for AgroChallenge i august.

August

14.8. Nyhetsmail

15.-18.8. Deltok vi på **Agro Challenge**. 4 elevar frå Hvam, Jønsberg og Kjelle, 3 lærarar frå dei same skulane og Tone frå NatFor reiste til Slovakia for å delta i/følgje opp **elevkonkurransen i landbruks-kunnskapar** og praktiske ferdigheter. Tusen takk til alle for stor fagleg interesse, stor innsats og alltid positive forventningar til konkurransen og til kvarandre i gruppa! Super gjeng!

21.8.2023 Arrangerte vi fagmøte med **presentasjon av boka Agronomi**; ny lærebok for vg2 landbruk og gartner. Tusen takk til Fagbokforlaget og til forfattar Svein Skøyen for god presentasjon.

31.8. Nyhetsmail



September

Erasmus+ stipenda vi fekk tildelt våren 2021 er nå brukt opp, og vi er i ferd me å bruke av tildelinga frå våren 2022. Til og med våren 2023 fekk alle dei 26 skulane i konsortiet dei stipenda dei ønska seg, men frå hausten 2023 var ønska større enn det vi hadde pengar til. For å få best mulig oversikt bad vi skulane sende inn alle ønske for Erasmus+ stipend skuleåret 23-24. Frist 11.9.

13.9. Arrangerte vi **møte om høring av endring i opplæringsmodell** for vg3 landbruk

25.-29.9. Arrangerte vi felles **jobbskygging på Kildalton College i Irland** for 19 kollegar (kontaktpersonar i konsortiet) frå nesten like mange skular. Tema: Berekraftig naturbruksopplæring. Erasmus+ og gjestfrie irske kollegar gjorde reisa mulig og lærerik for oss. Vi som jobbar saman i kollegiet møttes for første gong, og fekk mulighet til å bygge nettverk både mellom norske skular og mellom oss og dei irske. Veldig motiverande og lærerik jobbskygging! Mange ønsker eit vidare samarbeid med Kildalton College.



Oktober

11.10. Nyhetsmail

16.-20.10. Deltok Tone (nasjonal koordinator og styremedlem i EUROPEA International) og kollega Torbjørn frå Stend på **EUROPEA samling** i regionen Estremadura i Spania med tema Sustainable Fresh Water Management. Saman reknar vi med å ta mykje av arbeidet med å planlegge EUROPEA samlinga våren 2024. Vi nyttar sjansen til å lære av dei spanske kollegane, og informerte alle om møtet i Bergen i mai 2024.

23.10. Arrangerte vi teamsmøte om **kartlegging av naturtypar**

24.10. Deltok Tone (og mange kollegar frå naturbruksskulane i Norge) på samling for skogbrukslærarar på vg2.

25.10. **NMBU** inviterte til fagleg samtale om **bruk av nærmiljø** for utdanning i berekraftig utvikling

26.10. Arrangerte vi teamsmøte om **økologisk landbruk** og om kva **Landbrukets Økoløft** kan bidra med over for naturbruksskulane. Takk for samarbeidet så langt, til Landbrukets Økoløft.

30.-31.10. Digitaliseringsprosjektet og vi i NatFor arrangerte **nettverkssamling for landbrukslærarar** på Gardermoen og Lena-Valle vgs/Nibio, med fleire parallelle tema (digital pedagogikk, praksisopplæring, teams-ressursar for undervisning, lærebøker og NDLA-ressursar)



30.10.2023 **Styremøte** i NatFor på Gardermoen (og på teams); det første fysiske møtet for dette styret. Vi tok tid til å bli kjent og diskuterte ma prinsippa for fordeling av Erasmus+ stipend mellom skulane. Styret la dette til grunn: Vi ser på kva skulane har søkt om i utgangspunktet pr februar 2023 (når vi måtte sende inn søknaden til Erasmus+ for alle skulane). Vi set til side stipend til felles aktivitetar som td felles jobbskyggingar, EUROPEA samlingar og elevkonkurransar. Alle skular skal få noko stipend; også om dei ikkje har søkt direkte om ein konkret sum



November

15.11. Nyhetsmail

20.11. Arrangerte vi teamsmøte om praktisk bruk av **klimakalkulator**, med fagleg hjelp frå Norsk Landbruksrådgjeving.

21.11. Arrangerte vi teamsmøte om **elevvurdering og organisering av YFF i akvakultur**. Samarbeid mellom NatFor og Fosfor

28.11. Deltok Tone på møte i referansegruppa i **Landbrukets Økoløft**




29.11. Arrangerte vi teamsmøte om **økologisk mjølkeproduksjon**. Samarbeid med Landbrukets Økoløft, og med fagleg påfyll frå deira inspirasjonsbønder.

20.11., 22.11. og 23.11. Arrangerte vi teamsmøte for skulane i **Naturbruksskolenes konsortium**

Desember

5.-6.12. Var Tone på **førebuande besøk** på Luua Forestry School for å bli kjent med skulen og lage program for jobbskygging i skogbruk i februar 2023.



Vi hadde ingen eigne fagmøte i desember i år, men Tone deltok på 8.-10.12. **Fosfor (Fiskeri – og sikkerhetsfaglig forum) si årssamling** i Bodø, der ho møtte mange kollegar frå «blå» skular, fekk mulighet til å informere om Naturbruksskolenes foreining og invitere til samarbeid mellom NatFor og Fosfor.



Som du ser, har 2023 vore eit svært aktivt år. Styret og dagleg leiar takkar alle som har bidradd!

Styret og dagleg leiar er litt stolte over det vi har fått til innan relativt beskjedne økonomiske rammer. Likevel veit vi godt at «magien» vert skapt i samarbeid med dykk som les denne årsmeldinga. Det er utruleg mange ja-personar i norsk (og europeisk) naturbruksutdanning og i tilknytta organisasjonar på alle plan! Den positive haldninga og viljen til å bidra med smått og stort for å løfte naturbruksutdanninga, kollegar og eigen og andre sine skular er grunnlaget for alt vi jobbar med. Naturbruksskolenes foreining er takksam for å samarbeide med dykk alle!

Vi oppfordrar deg til å bruke foreninga vår aktivt, kome med ønske og innspel og til å fortsette å dele dine erfaringar, undervisningsoppleg og idear. Synes du ditt fagfelt har fått for lite merksemd? NatFor prøvar å «gripe alle ballar» som blir spelt inn til oss frå skulane og enkeltpersonar. Send gjerne ein mail med innspel til ønska aktivitetar, tips til innleiarar, samarbeidspartnarar osb.

Stend 26.3.2024

For styret i Naturbruksskolenes foreining

Tone O Mosebø

Dagleg leiar

Jobbar du med å skaffe elevane og kollegane dine mulighet for internasjonalt praksis, jobbskygging, kurs og nettverk? Har du lyst til å knytte nye kontaktar og lære meir om muligheter innan Erasmus +?

Meld deg på kurs/nettverkssamling i Bergen 13.-16.mai 2024!

Vi satsar på å samle opp mot 80 naturbrukslærarar og skuleleiarar frå 20-25 europeiske land. **Ser vi deg der?**

Meld deg på så raskt som mogleg, og innan 1.4.2024 via denne lenka:

<https://forms.office.com/e/Z7HnFMq07E>

Vi har satt av 12 plassar til norske deltakarar. Om det blir fleire, tek vi forbehold om ledige hotellrom.

Pris:

Pris for norsk deltakarar frå skular i NatFor, som skal bu i enkeltrom og delta 13.5.-17.5.2024: Kr 5200 pr person. Dette dekker 4 netter i enkeltrom på hotell og alle måltid frå måndag kveld til frokost fredag. Reise kjem i tillegg.

Denne låge prisen er mogleg fordi Opplæringsavdelinga i Vestland fylkeskommune, Austevoll vgs og Stend vgs stiller opp for oss med lunch og møterom, og fordi Naturbruksskolenes Forening sponsar deltakaravgifta for deltakarar frå medlemsskular i Norge.

Om du bur nær Bergen, og kun vil delta på dagtid, kostar det ingen ting, men vi ønsker at du deltek alle tre dagane og at du melder deg på via lenka over. – Dette fordi vi skal hjelpe kvarandre med å planlegge samarbeid, jobbe saman om nye prosjekt og bygge nettverk. Dette går dårleg dersom nokon kjem og går....

Her er sjølve invitasjonen:

*Naturbruksskolenes Forening/EUROPEA Norway
has the honour to invite you to Bergen, Norway, May 13th – 17th
2024 to work with this topic:*



Together we go further and faster

- *How can we develop our schools, staff, and students through cooperation and collaboration on international, national, and regional levels?*
 - *What can creative people from EUROPEA do with support from Erasmus+ and similar fundings?*
-

This course will focus on:

- getting knowledge, examples and inspiration on how we can develop schools, staff and students through collaboration and cooperation on international, national and regional levels.
- sharing ideas for new collaboration
- carrying out workshops to develop new international activities for both students and staff, finding partners and developing new projects.
- sharing examples and reflecting upon why we should, and how we can, cooperate locally and regionally.
- visiting two different VET schools, our regional educational authorities, and Bergen: a World Heritage City. We hope to share the pleasure of seeing new landscapes, and learning from new colleagues and students, as a part of our work on the main topic: cooperation



Venue: Bergen, Norway

We will stay at Hotell ZanderK <https://www.zanderk.no/en/> in Bergen city centre, and during the 3 days, our course will take place at 3 different sites in Bergen and nearby.




Headlines from the program

Monday 13.5.: Travel Day. Registration at hotel. Dinner at hotel at 8 pm

Tuesday 14.5.: Walk from hotel to Vestlandshuset, where the Director of education and his staff will welcome us to their brand-new headquarters. Opening of the course, speeches, and workshops and reflection on our main topic: "Together we go further and faster. How can we help each other to develop our schools, staff, and students through cooperation on international, national, and regional levels?" Time to see Bergen in the afternoon. Dinner at Hotel ZanderK

Wednesday 15.5.: National Coordinators meeting in the morning, then we go by light rail and school busses to a green school: Stend Upper Secondary School <https://www.stend.vgs.no/>



We continue our work on the main topic (lectures and workshops), get to know the school, how collaboration is a part of the daily life at school, and meet colleagues and students in their practical training arenas. There might be a surprise for dinner....



Thursday 16.5.: We go by bus and ferry to a blue (fishery) school, Austevoll Upper Secondary School <https://www.austevoll.vgs.no/>

We get to know this school (also with a focus on collaboration), visit a fishing boat and other arenas for practical training, finish our workshops on the main topic and go back to Stend Upper Secondary School for General Assembly, and a break before the final dinner.

Friday 17.5.: Breakfast at hotel and leaving for home, or joining our national celebration of 17th of May in the morning and lunch at Tone's house in the afternoon (for an additional fee).

Target group

Teachers, international coordinators, project leaders and school leaders from educational institutions in green and blue VET-sectors in Europe

How many participants per country?

We don't plan any specific limitations, except that we will reserve one room each for all countries till the deadline 1 April, to make sure that all countries are given an opportunity to participate (if they register before the deadline).

To get all the spots you want, we encourage you to register your participants as early as possible.



Deadline for registration is 1 April, and deadline for payment 10 April 2024. You will get an invoice.

After 1 April, your registration is binding. This means that you cannot cancel registration after 1.4.2024, but names of participants can be changed.

To register, please follow this link: <https://forms.office.com/e/Z7HnFMq07E>

We would be happy to know more about your expectations.

Collaboration is a broad topic, and the participants of this course will have different backgrounds, experiences, and expectations. To be able to adapt the program to your needs, we will invite you to fill in another form where the main questions are: **What are hoping to get out of this course? What is your learning aims? We kindly ask you to fill in this form after having registered for the course:** <https://forms.office.com/e/FENqXNtq9i>

After getting this input from you we will provide a more detailed program and describe the expected learning outcome.

Some practical issues

How to get to Bergen, Norway?

1. **Plane** to Bergen airport (BGO). Light rail (Bybanen) from Bergen Lufthavn (Bergen Airport) to Bergen city center.
 2. **Bus** (eg Haukeliekspressen) from Oslo. Beautiful drive if you have time for it.
 3. Bring your **car** by ferry from Hirtshals, Denmark, to Larvik, and drive to Bergen via Haukeli. Beautiful drive across the mountains and along the fjords. But it takes time; Norwegian roads are often beautiful, but in general narrow and winding.
-

-
- 4. Train** from or via Oslo to Bergen: www.Vy.no If the weather is good, the trip is good too! 2 min walk from the railway station to hotel.
 - 5. Ferry** from Hirtshals to Bergen: <https://www.fjordline.com/en>. On this ferry you can also bring your car. The ferry arrives in Bergen around noon on Monday 13 May.

Local transport

Our hotel is in the city centre, only 100 meters from the railway station and 200 meters from city rail. <https://www.zanderk.no/en/>

From airport: Take light rail to Nonneseter light rail stop. Hotel is only a 3 minute walk away. The light rail runs from 5 till 00 every day, leaves every 5-10 minutes from the airport, takes 43 minutes and costs 3,5 EUR/pax.

<https://www.skyss.no/en/travel/timetables-and-maps/timetable-for-bergen-light-rail/>

Tickets at the station or via app: <https://www.skyss.no/en/travel/Skyss-travel-app/>

Do you want to see what our constitutional day is like?

Then you need to take a flight at night or stay another night at the hotel. Check out options before you decide.

17 May is our Constitutional Day and will be celebrated in the city centre from early morning. You can expect to see people in national costumes carrying flags, hear music and watch the parade or join the parade yourself. After the parade, you are welcome to join an informal, but traditional lunch at around 2 or 3 pm in Tone's house and garden for a small additional fee.



This course is also a result of a collaboration and will be organised with help from the Director of education and his staff in Vestland County, Austevoll Upper Secondary School, and Stend Upper Secondary School. Without you, we could not have done this. Thank you in advance!

We all really look forward to seeing you in Bergen!

Contact info: Naturbruksskolene@gmail.com or Tone.olavsdotter.mosebo@vlfk.no

(Photos by Austevoll vgs, Stend vgs and Tone O Mosebø)

Naturbruksskolenes Forening

Daglig leiar Tone Olavsdotter Mosebø

tone.olavsdotter.mosebo@vlfk.no – tlf 93 03 35 68
www.naturbruksskolene.no

Husk å følge
[Naturbruks-](#)
[skolene på](#)
[Facebook](#) 😊

